

## Svar på høyring vedr. det offentlege grunnskuletilbodet i Lesja kommune.

Arkiv 2025/238-20

Ungdomstrinnet ved Lesjaskog skule vart bestemt lagt ned og flytta til Lesja skole, som eit sparetiltak i behandlinga av budsjettet for 2025. Dette sparetiltaket var basert på ein konsulentrapport som kunne fortelja kor mange millionar Lesja kommune ville spare på det.

Når konsulentrapporten i tillegg også foreslår å flytte mellomtrinnet frå Lesjaskog skule til Lesja skole, som eit ytterlegare sparetiltak, ville det rasere den gode offentlege skulen på Lesjaskog fullstendig. Det ville gå sterkt ut over bukvaliteten, og meir eller mindre ta bort håpet om å få tilflytting.

Med erfaring frå budsjettbehandlinga for 2025, måtte ein rekne med at flytting av mellomtrinnet ville bli det neste sparetiltaket.

På bakgrunn av dette, sette ei gruppe foreldre i gang arbeidet med å etablere Fjellnær friskule SA.

Vi meiner derfor at det er riktig å legge ned den offentlege skulen på Lesjaskog, og etablere Fjellnær friskule på same stad, som vil sikre ein 1-10 skule.

Det begrunner vi slik:

Det er først og fremst svært viktig for grendene Lesjaverk, Lesjaskog, Bjorli og Rånå, men òg for heile Lesja kommune, at det er eit godt og stabilt grunnskuletilbod med ein 1-10 skule på Lesjaskog.

Det er svært viktig at alle elever frå 1.-10. klasse får gå på skule i nærmiljøet sitt. Mykje mindre tid på buss, gjer at dei med lengst skuleveg også kan delta på fritidsaktiviteter, som ofte foregår på Lesja eller Dombås.

Etablering av Fjellnær friskule vil føre til stabilitet, forutsigbarheit og trygghet for alle, noko som klart er til barnets beste. Dette viser seg og ved at over 60 elevar ønsker å gå på Fjellnær friskule.

Etablering av Fjellnær friskule vil føre til betydeleg økonomisk gevinst for Lesja kommune. Lesja kommune har i lengre tid uttrykt behov for å redusere ei altfor stor bygningsmasse, og eit stort behov for å redusere utgifter, grunna dårleg økonomi.

Dei ovanfor nemde argumenta går også fram i kommunestyret sitt vedtaket i sak 25/2025 som vart sendt til Udir. Vi nevner dei 4 siste punkta i vedtaket, som Udir. har lagt til grunn for sitt vedtak:

5. For det store flertallet av elever og foreldre samt bygdefolk forøvrig som ønsker en etablering av Fjellnær friskule SA velkommen i den vestre del av bygda, vil utvilsomt en slik etablering bli oppfattet som svært positiv ved at de får beholde en 1-10 skole i sitt nærmiljø.

6. De faglige og miljømessige resultatene for begge de to skolene i Lesja kommune har fram til i dag vist gode resultater sammenlignet med andre tilsvarende skoler i Norge. Selv om Lesjaskog skole fra høsten 2026 blir organisert som en friskole, vil personalet i all hovedsak bli det samme som er ansatt ved den offentlige skolen i dag. Kommunestyret er

av den oppfatning at det faglige og miljømessige nivået ikke vil bli vesentlig endret ved at skolen blir organisert som en privat skole.

7. Kommunestyret erkjenner videre at skolen i tillegg til å være en viktig institusjon i seg selv, også har en viktig funksjon som samlingspunkt i bygda både når det gjelder fritidsaktiviteter og andre viktige anledninger. Denne funksjonen er i stor grad avhengig av at det eksisterer et levende skolemiljø på stedet.

8. Etablering av Fjellnær friskule SA vil gi en betydelig økonomisk gevinst for Lesja kommune. Kommunen vil samtidig kunne avhende en betydelig bygningsmasse som også vil gi innsparinger.

Utdanningsdirektoratet skriv i si vurdering, at på bakgrunn av mange støtteerklæringer og dette kommunestyrevedtaket, godkjenner dei etablering av Fjellnær friskule SA, sjølv om Lesjaskog offentlege skule blir lagt ned. Dei legg til grunn at kommunestyret støttar denne etableringa og at det skal vera to 1-10 skular i Lesja kommune. Med den store økonomiske gevinsten for Lesja kommune legg dei og til grunn at endringa samla sett ikkje vil få negative konsekvensar for det offentlege skuletilbodet i kommunen, og at det er behov for endringa.

Dette kommunestyrevedtaket må vera utgangspunktet for vidare saksbehandling og vedtak når det gjeld nedlegging av Lesjaskog offentlege skule.

Denne høyringa gjeld saka om det offentlege skuletilbodet i Lesja kommune. I saksutgreiinga står det at overtaking av skulebygget kjem som eigen sak. Dette må sjåast i samheng med nedlegging av den offentlege skulen på Lesjaskog.

**Før Lesjaskog skule kan leggest ned, må vilkåra for overtaking vera på plass.**

Mvh

Hill-May og Ola-Erik Mølmen